



ÅMLI KOMMUNE - SAKSUTGREIING

Saksbehandlar:	Olav Vehus	Arkivsaksnr.:	04/00138 - 2
Sektor:	Plan- og næringsavdelinga	Arkivkode:	V70
Pol. saksordf.:	Sveinung Seljås		

Utv.	Saksnr.:	Utval:	Møtedato:
K	04/027	Kommunestyret	18.02.04

FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK - HØYRINGSUTTALE.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET - 18.02.04:

Kommunen vil gje følgjande uttale til ny lov om skogbruk:

Kommunen er nøgd med at grunnprinsippet som bygger på fridom under ansvar er vidareført i forslaget til ny lov. I ein skogkommune som Åmli legg det eit godt grunnlag for nært samarbeid mellom næringsutøvarane og offentleg forvaltning basert på ei langsiktig forvaltning av skogressursane til beste for samfunnet.

Kommunen ynskjer at innhaldet i §52 kap. 10 om straff i den noverande skoglova vert oppretthalden utan straffeskjerpinga som ligg under forslag til ny skoglov §21.

Forslaget om miljøforskrift bør leggst til side. Næringa sjølv har gjennom "Levande Skog" tatt ansvar for utarbeiding og gjennomføring av miljøstandardar som Stortinget tidlegare har gjeve ros for og latt næringa sjølv ta ansvaret for.

Foryngingsplikt er viktig for å sikre ei forsvarleg og langsiktig forvaltning av skogressursane. Ei handheving av plikta krev eintydige og klare minstekrav det kan handlast ut frå på alle områda det er naturleg.

For skognæringa vil det vere tenleg å krevje fagkunnskap av entreprenørar og andre arbeidstakarar, etter som dei må ta ein større del av ansvaret for utføring av arbeidet, og utfører ein større del av samla arbeidsmengde i skogbruket.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 18.02.04:

Framlegg frå SP v/Margit Smeland:

Nytt punkt etter 1. avsnitt i rådmannen si tilråding:

Kommunen ynskjer at innhaldet i §52 kap. 10 om straff i den noverande skoglova vert oppretthalden utan straffeskjerpinga som ligg under forslag til ny skoglov §21.

Avrøysting:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå SP vart vedteke med 18 mot 3 stemmer.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunen vil gje følgjande uttale til ny lov om skogbruk:

Kommunen er nøgd med at grunnprinsippet som bygger på fridom under ansvar er vidareført i forslaget til ny lov. I ein skogkommune som Åmli legg det eit godt grunnlag for nært samarbeid mellom næringsutøvarane og offentleg forvaltning basert på ei langsiktig forvaltning av skogressursane til beste for samfunnet.

Forslaget om miljøforskrift bør leggst til side. Næringa sjølv har gjennom "Levande Skog" tatt ansvar for utarbeiding og gjennomføring av miljøstandardar som Stortinget tidlegare har gjeve ros for og latt næringa sjølv ta ansvaret for.

Foryngingsplikt er viktig for å sikre ei forsvarleg og langsiktig forvaltning av skogressursane. Ei handheving av plikta krev eintydige og klare minstekrav det kan handlast ut frå på alle områda det er naturleg.

For skognæringa vil det vere tenleg å krevje fagkunnskap av entreprenørar og andre arbeidstakarar, etter som dei må ta ein større del av ansvaret for utføring av arbeidet, og utfører ein større del av samla arbeidsmengde i skogbruket.

SAKSVEDLEGG:

1 Forslag til ny lov om skogbruk (utkast dat. 04.12.03)

ANDRE SAKSDOKUMENT:

Høyringsnotat dat. 04.12.03 - Forslag til ny Lov om skogbruk

KORT OM SAKA:

Landbruksdepartementet v/Avd. for skog- og ressurspolitikk har sendt forslag til ny skogbrukslov ut på høyring.

Sidan Åmli er blant dei største skogkommunane i Sør-aust-Norge, fell det naturleg å ta ein gjennomgang av forslaget.

Høyringsfrist er 15.03.04.

MERKNADER/VURDERING:

Kommuneplanen sine føringar for saka: Ingen.

Av kommentarane og forslaget går det fram at fridom under ansvar skal vere det berande prinsippet i framtidig skoglovgjeving. Det seier kommunen seg nøgd med.

Gjennomgangen er avgrensa til nokre få, utvalte tema:

Miljøforskrift.

Sist departementet føreslo miljøforskrift, vart ho avvist av stortingsfleirtalet. Det skjedde i samband med behandling av skogmeldinga. Ansvar vart overlatt til næringa, som hadde utarbeidd og forplikta seg til å følge "Levande Skog" – standard. Næringa la meir ressursar i utarbeiding og oppfølging enn det offentlege styresmakter var viljuge til. Innhaldet gjekk også vidare i retning av å sikre miljøverdiar enn det utkastet til forskrift la opp til.

Stortinget bad om at ordninga vart evaluert etter ei tid av det offentlege. Ein har ikkje registrert at det er gjort.

Derfor verkar det utidig å føreslå ei forskrift nå som går lengre enn det som er oppnådd gjennom "Levande Skog" utan nærare grunngjeving. Det må ikkje bli noko mål i seg sjølv å overgå kvarandre. Forvaltninga av skogareala bygger på stor grad av gjensidig tiltru og respekt mellom partane. Eit utspel som dette er dårleg eigna til å sikre og vidareutvikle dette.

I det minste hadde det vore naturleg å vente inntil ny gjennomgang med eventuelle endringar av "Levande Skog" er slutført, eller det skulle bli avdekkja at dei ikkje har blitt etterlevt, før ein dreg fram ei ny miljøforskrift.

Eit argument som kan nyttast for å innføre ei miljøforskrift, er at "Levande Skog" ikkje fangar opp tømmerasal frå leverandørar som sel alt utanom skogeigarforeningane. Eit godt alternativ kunne då vere å lage ei forskrift med same innhald som "Levande Skog" og som berre skulle gjelde dei leverandørane som sel alt tømmeret sitt utanom foreningane.

Foryngingsplikt.

Det er positivt med forslag som kan sikre at grove brot på foryngingsplikta blir forsømt. Problemet er å lage eit sett med reglar som er presist nok, men slik at det ikkje skaper unødige hindringar under bruk.

Det vil uansett måtte oppstå gråsoner. Som døme kan nemnast utviklingsdyktige planter og kva som er rett treslagssamansetjing på blandingsmark. Poenget må vere å gjere sonene så små som råd.

Grunnlaget for å aksjonere mot forsømt forynging må ikkje på lettvind måte kunne trekkast i tvil. Det krevst at registreringane er tufta på metodeval og utført i eit slikt omfang at avvika ligg innanfor akseptable grenser. Dei må vere klare og eintydige.

Vidare må ein definere klart kva som skal reknast med når forynginga er ujamn. Retningslinene for resultatkontroll skogkultur er eit døme på korleis det kan løysast.

På marker der det gjennom val av hogstform blir lagt til rette for planting, vil tilrettelegging og etablering av forynging kunne skje mest på same tid. Då vil ein etter kort tid kunne fastslå om foryngingsplikta er oppfylt eller ikkje.

Der vilkåra for naturleg forynging er gode og tilrettelegginga er bra, er det ikkje noko problem i høve til foryngingsplikta. Problema kjem der vilkåra er vanskelege og/eller tilrettelegginga er mangelfull. Når skal ein i slike tilfelle kunne slå fast at plikta ikkje er oppfylt?

Kan hende er alle partar tent med at det vert gjeve høve til å gå inn med hjelpetiltak etter relativt kort tid, særleg der frøtilgangen ikkje er godt nok sikra. Alternativet kan vere å vente t.d. 10 år på middels bonitet, slå fast at forynginga er mangelfull og krevje tilplanting av heile feltet. Det fristar lite, spesielt der rett treslagsval er furu.

Stilt overfor eit slikt val må det vere betre å gå inn med relativt enkle og lite omfattande hjelpetiltak etter kort tid + evt. litt suppleringsplanting etter ei tid dersom delar av forynginga skulle bli mangelfull framfor å plante til heile feltet.

Forvaltaransvaret.

I skogmeldinga vart det signalisert at det ville bli stilt krav til fagutdanning for alle som skulle overta landbrukseigedom. Forslaget går nå på at det ikkje skal stillast krav til utdanning, men at skogeigar er ansvarleg for at alle tiltak i skogen blir gjennomført i samsvar med føresegnene i lova. Eigiar er vidare ansvarleg for at dei som gjer arbeid i skogen hans rettar seg etter lova.

Departementet viser til at ansvarsforholdet mellom eigiar og den som utfører arbeidet må vere ei privatrettsleg sak.

I og med at stadig færre personar utfører ein større del av arbeidet i skogen og ei samla næring blir meir og meir avhengig av dei, hadde det vore rimeleg å stille visse krav til basis- og anvendt kunnskap. Det ville ha vore ei målretta og effektiv satsing, som kunne ha heva statusen for dei som har levebrødet sitt der.

Blir forslaget ståande, risikerer ein både opprydding og brannsløkking i uføre som eigiar meir eller mindre uforskylte har hamna i. Det ein må trøyste seg til, er at skogeigarforeningane kjenner og trek ansvar for å kvalitetssikre tenestene og mannskapet dei byr fram for medlemmene.

Det store paradokset blir likevel at departementet går inn for miljøforskrift og såleis legg opp til nokså omfattande detaljstyring (der næringa sjølv har tatt ansvar), men droppar alle krav til fagkunnskap både for eigiar og entreprenør og viser til eigars forvaltaransvar og privatrettslege avtaler.

Hadde dei heller prioritert i omvendt rekkefølge og stilt krav om fagkunnskap til entreprenørane hadde dei vore sikra eit mykje betre resultat på arbeidet som blir utført i skogen, fordi:

1. Sjølv om skogeigar er fagleg dyktig, men let andre gjere jobben, er det uråd å følge godt nok opp når arbeidet går i ein rasande fart.
2. I periodar med svingingar og stor etterspurnad etter driftskapasitet er det vanskeleg å sikre høg og jamn kvalitet gjennom alle ledd.